

Andre del av Arne Garborgs essay

Vaknande spursmaal

fra 1915.

Første delen handler om en mer rettferdig valgordning. Her i andre delen tar han opp «politisk økonomi» med en historisk innledning. På slutten kommer han inn på Henry Georges tanker om grunnrente, som han støttet.

II.

Næste spursmaale vert daa det samfundøkonomiske. Og vil me finne svar paa det, so maa me setja oss inn i den økonomiske samfundshistoria. Lat oss ta eit lite snøgt utsyn yvi den.

Samfunde er fraa fyrsto økonomisk „bygt paa jordi“, paa dei naturgjevne livs vilkaari.¹ Fyrst og lengst vart jordi nytta i sambruk. Etterkvart som folkemengdi auka og samfundsvilkaari skifte kom andre maatar upp; men grunntanken heldt seg: alle hadde rett til jord, so sant som dei hadde rett til liv. So seint som i den historiske tidi er der nok tilemningar til klassesdeling og jord-serrett; moselovi hindra soleis gjenom bode um sabbats- og jubelaare dei megtige fraa aa gjera dei mindre megtige jord-lause. I millomalderen hadde germanarne fenge ein allodial- eller odelsrett fest: mange ætter sat inne med serskild jord, som „odelsmannen“, ætterepræsentanten, bruka for si tid og sitt hus, men som han ikkje kunde avhende eller skifte sund; ætti sat trygg der, so lenge ho var til; det var ei tilemning til adelsskipnad.² Men aalmenningarne var store nok aat alt folke; dei gav meir eller mindre romleg utveg aat kvar mann som vilde vera „sin eigen“.

Ein privat eigedomsrett til jord kom ikkje upp fyrr seint og etter ei lang rad av overgangar. Men denne nye „retten“ hadde ein seig strid aa staa, fyrr han vart godkjend jamsides den gamle jordskipnaden. Og vann han heilt, som i Hellas og Rom, so førde han med seg dei same vanskarne som samfunde mødest med no:

¹ *E. de Laveleye*: „De la propriété et de ses formes primitives“; Paris 1891.

² Smf. *Ivar Mortensson*: „Bondeskipnad i Norig i eldre tid“.

eit herrestand, som i det lange drag hadde ikkje berre godt av serretten sin, og paa den andre sida ei armød som tærde paa folkekrafti og gjordemeir og meir av smaakaarsfolke til herkemuge. Og enden for samfunde vart dauden. Daa herremagti hadde lagt den hellenske jordi under seg, somna Hellas av, økonomisk som aandeleg, og vart romersk provins; og med Rom sjølv gjekk det ikkje likare, daa storgardarne, latifundia, hadde drive det gamle bondefolke til byen. „Storgardarne øydelagde Italia“, som ein kjend romersk skribent hev sagt; di meir jordi vart privat-eige, di meir gleid folke sund i eit storherrestand, eit forkava millomstand og eit veksande proletariat, og di magtlausare vart det veldige verdensrike. Aar 476 klovna det sund, og vestparten kom inn under germanarne.

Med deim vann den gamle jordskipnaden seg upp att. Og straks gjekk det betre, kor upp- og sundrivne tiderne var; folke greidde seg økonomisk og klara daa baade ufred og uaar. Ja under dugande styrarar blømde nye og store rike upp; enno er det att minne etter midalders velstand og kultur Europa rundt, soleis herlege byggverk, som sjøelve krigsvillskapen vrid seg ved aa øydeleggje.

Men den endelause ufreden avla nye herremagter. Eit røvarvelde voks til, som tvinga fram eit lensvelde; att-under dette lensvelde laut folke søkje livd; og herrarne lova alt godt, naar dei berre kunde faa tak paa jordi. So lagde landsbyarne seg inn under herreborgerne; bonden vart jordbunden („livegen“) under herremannen og laut betala avgift og attaat taka paa seg so og so mykje pliktarbeid („hoveri“). Dette saag ufaarlegt ut i fyrstningi, so lenge herrarne hadde lite magt, og trong arbeidshjelp likso vel som bonden trong forsvar; men ettersom det bar upp-yvi med herremagti snudde alt seg. Dei herrarne, folke hadde søkt hjelp hjaa, vart snart ikkje betre enn dei som det hadde søkt hjelp imot; det hev folke so ofte lært, men maa jamt lære det upp att.

So gjekk det allstad, der lensskipnaden fekk magt; til døme kann eg nemne Tyskland, England, Frankrike. Fyrr eller sidan, men alltid til slutt, kom folke ved jordbundenskapen sin inn under ein trældom som vart hardare og hardare og kunde bli umenneskjeleg.¹

Lengst greidde folke seg i Tyskland. Upp-ved det me no kallar russegrensa var der store ubruka jordvidder, som bonden vandra ut til, naar vilkaari heime vart for stride; og so laut herrarne vera

¹ Les t. d. Krapotkin: „Die französische Revolution“ ; Leipzig 1909.

rimelege; dei turvte arbeidskraft, som sagt. Men etterkvart vart dette vesle Amerika stengt. Og utimot slutten av 1400-tale er det ikkje betre for bonden i Tyskland enn andre stader, — sume landsbolkar fraarekna (som Tyrol, Sveits o.fl.), der den gamle jordskipnaden heldt seg noko-so-nær uppe. Her og der kunde det bli so ille, at bonden reiste seg og vilde ta att noko av den gamle retten sin med magt; men daa fekk han berre finne, at det var herrarne som hadde magti.

Nye voner vakna daa reformasjonen kom; den heldt seg til evangelie og tala um næstekjærleik; me var alle brørar, lét dei um. Paa nytt lag reiste bønderne seg til strid; men dei fekk herrar og prestar imot seg som fyrr (Luther med) og rauk; og vart det ikkje verre for deim enn fyrr, so vart det visst ikkje betre.

I England karm me fylgje den økonomiske soga betre enn i andre land, og det heilt fraa 1200-tale av; den er daa serleg opplysende.¹

Daa Normannarne gjorde seg til herrar i England, stod den gamle jordskipnaden ved lag; bønderne — odelsbønderne, kann me segja: dei som sat med fast ættejord — var velstandsfolk heilt ut, og av aalmeningarne var der att so mykje, at dei odelslause au greidde seg.

Normannarne innførde lensskipnaden; let elles jordretten vera som han var. Men her som andre stader arbeidde lensherrarne med aa gjera seg til jordherrar, d. e.: 1) med aa bli kvitt jordavgift til samfunde, 2) med aa faa lagt meir og meir av aalmennin garne inn under herregardarne sine. Folke heldt paa sin gamle rett og gjorde motstand best det kunde; men det kom ikkje lenger her enn i andre land; magti tok seg rett, og fekk rett.

Ja vart lovgjevarmagt: i striden mot konge-einvelde skipa ho eit riksting, som fyrst var herrehus og sidan fekk eit laag-adelegt og borgarlegt „underhus“ attaat; dermed var fyrste grunnsteinen til det parlamentariske styre lagd. Men samstundes tok ho — med magt og med svik og etterkvart med samtykke og studnad og hjelp fraa parlamente sitt — meir og meir jord fraa folke; dette vart sistpaa meir magtlaust i det frie England enn nokon stad.

Det som gjorde at det ikkje reint folna burt var eit par landsulykkur: i 1300-tale svartedauden og i 17 — 1800-tale utvandringi til Amerika.

¹ *Johan Hansson*: „Arbedslönerna och jorden“; St.holm 1910.

Svartedauden drap ned so mykje folk, at arbeidslønne steig, og det med magt; steig so det reint vart gode tider for arbeidsmannen. Og det um herrarne baska aldri so mykje imot. For jordarbeidaren au gjekk tiderne opp; lordane laut paa rimelege vilkaar pakte burt eller selja jord allstad. Svartedauden kom soleis uforvarande til aa skapa ein heil gullalder: eit hundradaar; daa lande var „det lykkelege England“ og ikkje berre det rike.

Men herremagti vann seg upp att. Og skapte nye sveltetider for smaafolke, tider daa all von syntest sløkt. Meir og meir trongt og stridt vart det for alle som skulde liva av arbeid. Tiderne vart slike, at det hadde set raadlaust ut, um ikkje ei heil ny verd hadde opna seg.

Men so vel skulde hende.

Amerika opna seg. Og der var det rom. Det var berre aa faa or vegen nokre indianfolk, so kunde dei kristne faa rom for snart sagt alt fatigfolke sitt der burte.

I 1700-tale tok utvandringi til, so smaatt. Og ettersom betre og større havskip vart bygde, voks folkestraumen burt fraa eit heimland som hadde vorte det motsette av heim. Snart gjekk utvandringi paa i titusund-og hundradtusundvis berre fraa England. Og mest alle utvandrarar var smaakaarsfolk. For vegen der burt var fri: berre ein kom til Amerika, var det snart gjort aa arbeide upp dei pengarne ferdi hadde kosta. Det var reint som ei ny luft strøynde inn yvi verdi no; alt som nedtyngt og nedtrælka var anda lettare. Og di fleire det var som kom seg i veg, di betre rom vart der og for deim som vart verande heime.

Meir og meir vart den amerikanske jordi „fri“: det gamle eigarfolke, som ikkje kunde staa seg mot bly og krut, vart nedskote eller avjaga. Snart var det daa paa ein maate dei gamle tiderne folk fann att, naar dei kom dit burt: der var nok av ledig jord, og jord som ein fritt, eller daa svært billegt, fekk i bruk; dermed vart vilkaari naturlege att: kvar mann kunde greie seg med aa arbeide. Arbeide for seg sjølv og for sine. Men vilde han arbeide for andre, so kunde han krevja ei løn som svara til det han tente naar han arbeidde for seg sjølv. Soleis fekk endeleg folke att den fyrste menneskjeretten sin: retten til aa liva.

Og det hev vore tanken aa halde uppe den retten. Dei fyrste utvandrarane, „pilegrimsfedrarne“, heldt møte umbord paa „Maiblo-men“ den 11te november 1620 og vart samstelte um, at den gamle samfunds-grunnlovi, rettferds-grunnsetningi som herremagti

hadde trampa ned, den, at alle hev same rett og same skyldnad, og at all samfundsinntekt maa bli nytta soleis at ho vert *alle* til gagn, — den skulde upp att no, skulde bli gjeldande rett i den nye liksom fyrr i den gamle verdi.

Men dei vonerne skulde døy; den europæiske samfundsretten hev fylgt med yvi have, liksom nissen i segni var med i flytjelasse. Det var ikkje berre bønder og arbeidsfolk som drog til Amerika; folk av ymse slag søkte dit, adelsherrar med i den tidi daa republikken raadde i England (under Cromwell). Eit handelstand kom au snart upp der burte; i det heile: det var det gamle samfunde som paa ny grunn voks fram. Nybygderne skipa seg repræsentasjonar med over- og underhus som i heimlande; og daa dei i 1776 lyste seg frie og gjenom eit kongressvedtak kunngjorde menneskjeretterne, so var det berre den politiske borgarretten som fekk róm; berre *politisk* skulde alle ha samme rett og same skyldnad. Og den tanke at folke, *heile* folke, eig samfundsinntekterne, den vart gjennomført paa engelsk-juridisk maate: berre formelt, i Amerika som sidan i heile det borgarlege Europa. Det som enno lenge gjorde Amerika til økonomisk fridomsland var den ting, at der var jord nok til aa halde jordprisarne nede; etterkvart som jordi vart fullsett slokna „Maiblom“-draumen heilt.

Men um den borgarlege samfundstanken ikkje hadde greidt økonomi-spursmaale, so var han endaa eit stort framstig fraa lenskipnaden; fraa England og Amerika fann daa og den nye styremaaten veg til det europeiske fastlande; og fyrst kom Frankrike med.

Der hadde kongemagti vunne paa herrarne: einvelde hadde fest seg, og lensadelen vart meir og meir hoff-adel. Og di meir han det vart, di meir fekk han kongsmagti med seg: kongarne hjelpte adelen med aa røve jordi fraa folke. Det gjekk daa her som andre stader, og verst midlands og austlands og sørlands; dei jordbundne bønderne vart trælur aa kalle for, og soleis utpinte, at rett som det var laut dei livberge seg med tiggung. Stundom, naar alt var raadlaust, kunde dei freiste aa reise seg mot herrarne; men med staur og ljaa mot spjot og sverd kom dei ikkje langt.

Det vart slike tilstand etterkvart, at ein og annan borgarleg mann tok til aa tenkje. Og i fyrstningi av 1700-tale kom det upp ein samfundsökonomi — den fysiokratiske — som fekk mange med seg. Fysiokratarne gjekk etter gamalt ut ifraa jordi og forstod, at samfunde maatte byggje paa den; jordbruke var grunnlage for

heile det økonomiske live. Det galdt aa faa upp att den gamle jordskipnaden, so folke kunde faa rimelege arbeidsvilkaar; samstundes aut der bli fridom for handel og industri, so desse næringsvegarne au kunde trivast. Denne læra — at jordi var grunnen og fridomen vilkaare for alt økonomisk liv —, den fall enno so naturleg, at sjøelve kongen, Ludvig den 16de, kunde taka ein fysiokrat (Turgot) til finansminister. Og hadde han havt likso mykje kraft som han i dette tilfelle synest ha havt vit, so er det rimelegt, at Frankrike kunde ha sloppe revolusjonen. Men so skulde det ikkje gaa. Herrarne tok til aa mukke; og kongen vart rædd og skilde seg med Turgot; snart svinga daa Frankrike inn paa revolusjonsleidi. Og no var det engelske tankar som fekk magti, gjennom Voltaire o. a.

Det var ei tillemping av den engelske og amerikanske skipnaden (eit lovbunde kongedøme med eit borgarlegt riksthing), som var best og dertil lettast aa naa, meinte det franske borgardøme. Adelsvelde fekk ein skræme med ei folkereisning; naar den hadde gjort sitt verk, so galdt det aa koma til lags med folke paa ein slik maate, at der vart nok av billeg arbeidskraft til fabrikarne; og det vart der vel ei raad med.

Folke trudde paa borgardøme — som gjennom utsendingarløyning hadde spreidt fridoms- og revolusjonstankar — og reiste seg, i bygd og i by, yvi store landsbolkar; enno heldt bonde og arbeidsmann ihop. Og revolusjonen kom i gang; det meste av folke drøynde - — paa ymis vis —um nye tider. Det kjendest nok snart, at borgarar og smaafolk hadde kvar sine krav; men striden vart lenger og meir ugrei enn nokon hadde tenkt, so dei laut halde ihop, so utanpaa daa, endaa dei vart meir og meir rædde kvarandre. Revolusjonen vart soleis baade lang og leid, og stundom syrgjeleg vill; enden vart, at borgardøme fekk overtake. Folke klovna i tvo: bønderne som hadde vunne noko, og arbeidsfolke, som heilt hadde tapt — med all den form-fridomen som no var innført.

* * *

Fraa denne tid av vart arbeisfolke skilt fraa bonden som fraa borgaren; og nedanfor tridjestande kom fjorderstande upp: lønarbeidarstande.

At arbeidsmannen var komen under verre vilkaar enn fyrr kom han snart etter.

Han hadde inkje aa stole paa no, anna enn den løni han fekk

naar der var arbeid aat'n. Men no hende det oftare og oftare at der ikkje var noko arbeid. Di vanskelegare det vart for ungt folk aa skaffe seg jord — jordi hadde vorte handelsvare — , di fleire samla seg til dei staderne der arbeid skulde vera aa faa; men di fleire arbeidssøkjarar, di laagare løner — arbeide hadde vorte handelsvare liksom jordi — , og di meir uvisst um arbeid var til aa oppdrive.

Meir og meir vart det daa so, at løni seig, til dess det ikkje var løn lenger, men berre den skillingen ein nettupp turvte til aa liva av. Og rakk ho ikkje so langt heller, so var det noko som ikkje kom arbeidsherren ved; der var meir folk aa faa enn han turvte. Arbeidsmannen hadde med andre ord vorte træl utan herre; og den fridomen han hadde fenge var fridom til aa svelte ihel.

Det var England som hadde tenkt ut denne nye og praktiske maaten aa halde trælar paa; og Frankrike og etter kvart heile den kristne verdi tok i dette som i andre stykke av all magt etter briten.

Meir praktisk engelsk kristendom lærde pengeherrarne av presten *Malthus*. Etter honom hadde Vaarherre stelt det so, at folkemengdi voks fortare enn folkeføda; med aukande framgang auka armodi endaa meir; denne „naturlovi“ kunde han endaa setja upp mathematisk. Og naturlov *var* det; so mot den var der ingjor raad. Men for herrarne vart den lovi eit evangelium: etter den var det ikkje dei, men Vaarherre som hadde skuldi for at folk svalt; dette nye evangelie spreidde seg daa som eld i turrt lyng; og det liver hjaa mange enno.

Under alt dette lærde arbeidsmannen aa tenkje paa sin kant. Snart forstod han, at med revolusjonen i 1789 var der lite gjort, og at etter slik ein borgar-revolusjon laut folkerevolusjonen koma. Og den revolusjonen fekk arbeidarane faa i gang; for dei visste best no, kva som vanta og turvtest for folke.

Fraa sjølve borgarstande fekk arbeidsfolke førarar; tenkjande menner som altfor klaart saag, at med den fyrre revolusjonen var lite vunne.

Frankrike gjekk fremst i det sosiale arbeide. Og i 1848 fekk det ein arbeidarrevolusjon. Men som me veit viste det seg snart, at tanken ikkje var gjenomtenkt enno. Og liksom borgarrevolusjonen hadde ført inn i det fyrste keisardøme, so førde arbeidarrevolusjonen inn i det andre; og so var det ikkje meir.

Sidan vart det den *sosialdemokratiske* tanken som samla arbeidsfolke og heldt framvoni uppe. Og fyrst galddet det aa faa

ein fyrebils skikk paa arbeids- og lønsspursmaale; med veksande kraft samla arbeidsfolke seg i alle land og fylka seg til *lønnsstrid*.

Godt vart det arbeidt her; og ikkje lite vart vunne. Men meir og meir viste det seg, at den stridsmaaten som vart nytta (skofting, „streiking“), – og som varden einaste –, den kunde ikkje føre fram. Læt lønerne seg streike eller skofte upp i gode tider, so gjeng dei ned att i mindre gode; og dessutan: det som vert vunne med streiking kjem ikkje alle til godes, men berre dei som er med i atbeidarlagi. For dei mange (unge, eldre, mindre sterke) som ikkje kann koma med der, vert vilkaari likso mykje vanskelegare som dei vert betre for dei samskipa; me fær eit „aristokrati“ og eit „demokrati“ i arbeidsklassa med; og dette arbeidar-demokratie, „femtestande“, vert liggjande nettupp paa grensa av den avfalls-klassa som i desse tider veks so villt: proletariate.

Jamvel for samskipa arbeidarar er elles framgangen mindre enn han synest. Samanliknar ein stigingarne i løner med stigingarne i leve-utgifter, so viser det seg, at i det heile er utgiftsstigingarne størst; lønsstriden med alle sine svære offer fører daa i røyndi ikkje frammyvi. Minst no, daa arbeidsherrarne hev lært aa halde ihop paa si side, so dei kann svara paa streiking med lock-out. Det segjer seg au sjølv, at di meir arbeidsfolk streikar, di mindre mod fær kapitalen paa arbeidsdrift; vaagnaden vert for stor, maa tru.

Her som elles gjeld det daa, at krigen kostar meir enn han gjev. Streiking fører i det lange drag til økonomisk nedgang i det heile, og med mindre arbeidsliv fylgjer aukande fatig-, retts-, politi-, fengselsutgifter; det ein med kunstige raader kann vinne paa ein kant, gjeng meir enn ut att paa andre. Det vaknar daa i seinare tid krav um aa taka upp att revolusjonstanken; men at revolusjonsvegen er utrygg hev gong paa gong vist seg.

— For bonden au vart borgarsamfundsvilkaari tyngre og tyngre etterkvart. Og det jamvel i adelsfrie land, der bonden sjølv skulde vera herre. Den tidi kom, daa den frie norske likso vel som den jordbundne engelske bonden søkte til Amerika; og der greidde han seg so godt, at um han aldri so mykje lengta etter folke sitt, — heim att vilde han ikkje. Det viste seg i det heile i land etter land, at di meir jordi vart handelsvare, dess meir treivst spekulanten og dess mindre bonden.

Men minst treivst han, der midalders jordherrevælde heldt seg best; England hadde kje noko bondestand lenger. Og aa vera eit bondestand forutan, det var ikkje godt for noko land, kor rikt

det so var; i England og den engelske verdi var det daa og, at den fysiokratiske tanken arbeidde seg upp att. Ein statsmann som *Richard Cobden* saag t. d. meir og meir, at det lite vilde nytte aa gjera handelen fri, naar ikkje jordi vart fri; som det no var stelt vilde lønerne gaa ned ettersom matprisarne gjekk ned; djupare maatte reformerne gaa, skulde det hjelpe. Hjaa engelske økonomar i 1800-tale er jordspursmaale sterkt uppe;¹ og i det engelske Amerika vart løysning funni; det var den fysiokratiske tanken som vakna paa nytt og i ny form.

At Amerika kom til aa gaa fyrst her var rimelegt. Statarne der burte var noko som eit samfundsøkonomisk oversynskart; den som hadde augo aa sjaa med kunde der faa utsyn yvi heile den økonomiske historia. Jordspursmaale var daa ofte framme i ordskifte; og fleire var inne paa løysningi noko-so-nær samstundes, som vanleg naar eit spursmaal er moge; den som fekk tanken klarast forma og best tillempa etter dei vilkaari som no var oppkomne var *Henry George*.

Han hadde augo aa sjaa med, og han fekk røynsle; og livskaari hans førde m inn paa samfundsøkonomisk baade tenkjing og lesing. Ikkje minst granska han *Adam Smith*, den store økonomiske tenkjaren, som hadde gjenge i fysiokratisk skule og sidan grunnlagt den „kapitalistiske“. Smith hadde rett i mykje; men eitt og anna var der som han *ikkje* greidde, etter det George kunde forståa; ja i sumt hadde fysiokratane set klarare enn baade Smith og hans skule. Di meir George røynde og saag, og di meir han granska statsøkonomarne og prøvde og samanlikna, di meir kom han etter kva det var som vanta i den læra me no heldt oss til; og daa han hadde fenge det klart for seg, tok han til aa skrive.²

Det var sant, gjekk han ut ifraa, at me kunde rose oss av ein makalaus økonomisk framgang; men at den framgangen drog med seg ein likso makalaus fatigdom var ei skam, som civilisasjonen vaar ikkje kunde bera; me fekk sjaa aa finne ut, korleis framgan-

¹ I prinsipe vart det løyst; i eit stort etiskt verk: „*The theory of human progression*“ lagde *Patrick Dove* i 1850 fram den tanken som sidan (gjennom *Henry George* o. fl.) kom upp i Amerika.

² Mest kjende er bøkene „*Progress and Poverty*“ (framgang og fatigdom; 1880), „*Protection or Free Trade*“ (Vernetoll eller frihandel; 1886), „*The condition of labour*“ (eit ope brev til pave Leo den 13de um arbeids og arbeidsfolks vilkaar; 1893). Bøkene er aa faa paa baade dansk og svensk.

gen kunde koma alle til gode; og det kunde ein rett grunnlagt og rett gjennomført samfundsøkonomi lære oss.

No byggjer økonomien paa ei usanning: at det er kapitalen som skaper arbeid; sanningi er, som ein i Amerika lett kunde sjaa, at det er arbeide som skaper kapital. Ei endaa verre usanning ligg attum heile vaar økonomiske tenkjemaate: Malthus-læra. Den gjeld i dyreheimen; men for oss, som sjølve karm avle det me treng, veks maten fortare enn folkemengdi, so visst som der er tvo armar for kvar munn; ikkje Vaarherre, men vaar eigen samfundskipnad hev skuldi for, at di meir rikdomen veks, di fleire er det som sig ned i armod.

Bygd paa falske grunnar vert økonomien vaar falsk med alle sine sanningar. Det er *arbeide* som er den økonomiske skaparmagti; og hev arbeide *jordi* for seg: naturi med alle sine rikdomar, so skaper det velstand; jordi er vokstrgrunnen for det økonomiske som for alt liv. Og velstand karm bli kapital: bli nytta til framavling av *meir* velstand; arbeid og kapital høyrer ihop; kapital er: arbeidsskapt arbeidshjelp. Den striden som er komen upp mellom kapital og arbeid er unaturleg, hev sin grunn i ein økonomisk samfundssjukdom: den vanskipnaden, at jordi meir og meir vert stengd for arbeide, eller at ei rettlaus jordherremagt tvingar arbeide til aa betala for aa naa fram til arbeidsgrunnen sin.

Men denne sjukdomen er faarleg, stansar framgangen (som i India og andre gamle kultursamfund) eller slær ut i økonomisk samfundskrig (som i det gamle Rom eller no i Europa og Amerika). Og hja oss med maa framgangen fyrr eller seinare stanse, um sjukdomen ikkje kann bli lækt.

Men all sjukdom vert lækt, naar ein fær sjukdoms orsaki or vegen. Og det læt seg gjera her. Det er den range skipnaden med jordi, me maa faa retta; arbeide maa faa fritt aatgjenge til jordi att.

I tider som desse karm ikkje alle vera jordbrukarar. Men *all* arbeidsdrift treng jord, eller daa rom paa jordi: grunn; ja ein treng grunn, um ein berre skal byggje eit hus; no sit grunnherrar og stengjer for jordi, legg privatskattar paa ho, so det vert høge grunnprisar og høg grunnleige; det vert daa berre folk med pengar som karm koma til med aa byggje, dyrke, setja arbeid i gang. Soleis vert kapitalen herre og arbeide, tenar; det er den bakvende verdi.

Men ikkje berre arbeidsmannen lid urett ved dette; det er til

skade for alle. Skal bonden faa dyrkingsjord, so maa han setja seg i gjeld eller paa annan maate gje seg inn under pengemagti; og for byfolk vert grunnarne so dyre, at der skal *pengemagt* til aa byggje. Og so maa byggherarne knipe der dei *kann* knipe, paa arbeidsløner o. dl., um dei sjølv skal greie seg; for det lyt daa arbeidsmannen lide. Men di dyrare det vert aa byggje, di meir stig husleiga; dermed maa kjøpmennerne leggje paa prisarne; og alle som skal liva av arbeid, ikkje minst aands-, embætts-, forretningsarbeidarar, maa krevja større løn; det vert dyrtid for alle — til bate for grunnherrarne. Ufraakomeleg klaart viser George, korleis alle økonomiske samfundsvanskar hev sin grunn i jordvilkaari, — dei den etter-fysiokratiske samfundsøkonomien so lite hev tenkt paa.

Einaste raadi mot denne sjukdomen er daa den: jordi maa faa att sin rette plass i det økonomiske live, so dei velstandsskapande magterne, arbeid og jord, karm finne seg saman att.

Etter gamalt høyrer jordi alle til; og fraa fyrsto vart ho nytta i sambruk; men formerne for sambruke skifter med framgangen. Og vaar tid krev si form; ingen av dei gamle maatarne vil no høve.

Di høgre kultur, di meir arbeidsdeling: sume treng dyrkingsjord, mange berre byggje- og arbeidsgrunnar; kvar maa kunne faa det kvar treng. Og alle, jamvel dei som ikkje hev bruk for jord eller grunn til arbeide sitt, maa faa gagn av den grunnretten til jord som er alle medfødd.

Dette læt seg gjera. Og læt seg skipa med mykje mindre vanskar enn ventande.

Dei nye vilkaari som er oppkomne, ved større folkemengd og eit meir framvaksse samfundsliv, hev gjeve det meste av grunnen eit verd ut-yvi det naturlege, eit *serverd* som viser seg i, at prisarne paa jord og grunn stig ettersom folketale veks (er størst ved veg, bane, hamn og ved eller i by); det er kome upp eit *samfundsskapt* grunnverd. Dette grunnverde, som soleis samfunde eig, gjev ei rente, som no gjenom høge sals- (leige-) prisar gjeng til private, men som bor gaa til eigaren : gaa i samfundskassa og bli brukt til samfundsformaal; grunnverde blir daa alle til bate, liksom alle — seg sjølv uvitande — hev vore med og skapt det. Dei som ikkje brukar jord (grunn) — eller brukar jord utan samfundsskapt grunnverd (jord som ligg einslegt) — vert daa frie for samfundsavgift. Soleis fær alle sin rett: raader fullt og fritt yve alt som dei tenar med arbeide sitt.

Grunnverde blir fastsett ved skyldsetning liksom matrikelen.

Og naar renta av grunnverde (grunnskyld kann me kalla den renta) gjeng til samfunde i staden for til private, so vert det heilt nye vilkaar. Den som treng jord tarv ikkje som no betala grunnskyld baade til seljaren (gjenom kaupesumen) og sidan til samfunde (gjenom skattar og toll); seljaren fær for det som hans er: den verdauken som jordi (grunnen) ved hans arbeid eller paakosting hev fenge; men grunnskyldi, renta av det samfundsskapte grunnverde, gjeng til samfunde som ei fast aarleg avgift; grunnskyldi, „*einaste-skatten*“, „*single tax*“ er soleis i røyndi ikkje skatt.

Dermed vert det slutt med all jordspekulasjon. For det som lét seg spekulere i var nettupp det stigande grunnverde. Jordi vert ikkje handelsvare lenger; ho vart det ho var fyrr „kapitalismen“ kom upp: natur, gudsgaave, „mor for oss alle“.

Heile grunnverdreanta maa gaa til samfunde. Avgifti vert daa ikkje større enn at brukt jord godt ber ho, men so vidt stor, at det vil bli for dyrt aa sitja jord burt paa stas eller paa spekulasjon. Soleis vert der jord aa faa for alle som treng jord.

Naar denne skipnaden er gjennomført, so vil dei falle burt, desse tjuve-inntekterne som samfunde maa liva paa no, daa det læt sine eigne inntekter gaa i private kassar. Skattar og toll vert „en saga blott“. Like eins vil det vera slutt paa all skattestraff for arbeid og sparing. Um t. d. bonden arbeider upp jordi si aldri so godt, og set pengar i banken kvart aar, — han fær ikkje ein øyre i skatt for den skuld.

Livskaarit vert lettare for alle. Berre det at all toll fell burt vil gjera det likso billegt aa liva no som det var i gamal tid. Sjølv arbeidarspursmaale vert løyst. Det vert mindre tilstrøyming til byar og fabrikar, naar folk paa gode vilkaar kann faa jord; og di mindre tilstrøyming, di betre løner. Snart vil ingen staa paa fabrikar for mindre enn han i desse nye tider kann tena med jordbruk. Og arbeidsherrarne vil kanne løne godt no, daa baade grunn- og andre prisar er rimelege. Og at det „løner seg“ aa løne godt, det veit dei.

Utan tvangsraader av noko slag vert det soleis lett for alle aa slåa seg igjenom. Duglege arbeidarar og spararar vil vinne seg lenger fram; folk med framifraa næringsvit vil bli rike; men mest vert det av jamn, trygg velstand som i gamal tid. Av Vanderbilt'ar fær verdi ikkje mange. Og det som vil sovne heilt av er proletariate.

Samfunde vil greie seg; grunnverde veks med folkemengdi.

Og nye grunnverd veks fram etter som vitskap og arbeids-kunst stig. Men samfunds-utgifterne tarv ikkje vekse etter maaten.¹

— Det segjer seg sjølv, og George minner serskilt um det: at etter desse rangvise-tider læt rettvisse seg ikkje gjennomføre med ein gong. Det vil bli aa gaa fram paa den vegen som er freista og funnen god i australsk-engelske og kanadiske samfund (statar og byar); fyrst fær ein noko av den verste tollan umbytt med ei lita grunnskyld; naar folk hev set at verdi stend like godt for det, so tek ein eit stig til; daa plar det letne so vidt, at mange kjenner og skynar det. Sidan glid det meir av seg sjølv; fleire samfund der burte er alt komne so langt at dei karm setja ei viss tid (som 7 eller 4 aar), daa all toll og skatt skal vera umbytt med ei grunnskyld. Den vert daa helst utrekna etter lovleg skyldsetning av jordi eller grunnen, so ein er trygg mot »vill" skyldsetning. Og allstad-ifraa høyrst det berre godt um den nye maaten, — dess meir godt, di meir heilt han er gjennomført.

Europa tek so smaatt til aa tenkje paa aa koma etter. I England er der alt ein sterk vinstrefylking — med finansministeren i fylgje — som arbeider med aa faa grunnskyldskipnaden prøvd; krigen hev stansa alt framgangsarbeid no; men me fær „sjaa sidan“. I Tyskland er spursmaale like eins uppe; men der som elles drep krigen alt ned.² I Frankrike som i dei fleste land er grunnskyldtanken under dryfting; her i Nordheimen er danskarne — og millom deim smaabønderne — lengst komne.³ I sjølve det frededelege Norig hev me eit grunnskyldlag; det arbeider gjennom maanadsskrifte „Retfærd“.

¹ Spursmaale um kva som er *samfunds*-utgifter kjem au upp. Den danske sosiologen *Severin Christensen* hev (i „Retsstaten, en fremstilling af det offentlige livs etik“) gjeve dømme paa, kor lite greie bevilgningsmagti no kann ha paa det spursmaale; der er snart ikkje den ting som ikkje kann koma upp paa eit statsbudget. Men vert alt ettertinkt, so bør dette budgette ha berre 4 utgiftsbolkar: „1) Indre rettsbeskyttelse; 2) forsvar af retsomraadet udadtil; 3) forsorg af de umyndige; 4) sikrelse af samfærdsele og tilveiebringelse af samfærdelsbetiingelser.“ Tingen er, at samfundsmiddel berre maa bli brukt til slikt som er *alle* til gagn, og som *alle* ser gagn i; mykje av det som no gjeld for statssaker vert daa saker for private samfund (soleis som t. d. kyrkja i dei nordamerikanske sambandsstatarne).

² Ein tysk sosiolog, dr. *Franz Oppenheimer*, hev — paa ein annan veg — naatt burtimot likso langt som George; for honom med er jordskipnaden hovudspursmaale. Eit lite forvitnelegt arbeid av O. kann ein faa paa svenskt: „Kapitalismens väsen och ursprung“.

³ Gjennom den vidgjetne *Kjøge-resolusjonen* hev dei danske smaabønderne (eller „husmændene“, som dei der nede vert kalla) sagt fraa um, at „husmands-

Det som Frankrike ikkje greidde med revolusjonar, skulde soleis etter engelsk og ny-europæisk tenkjemaate lata seg gjennomføre ved ei skatterreform. Men den skattereforimi *inneheld* ein revolusjon; og læt den revolusjonen seg gjennomføre paa reformveg: i smaae, jamne stig, — so tek det nok tid aa vinne fram; men ein vinn fram, og tarv dertil ikkje ræddast for atterslag.

— Hjaa oss finst det mange som trur, at grunnskyld-skipnaden i alle fall ikkje kann vera noko aa tenkje paa for det fatige Norig. Hadde Henry George visst um eit folk som trudde seg for armt til aa stelle seg økonomisk, so hadde han vel sagt som so: fatige folk tøler *minst* aa liva paa laan og døyve sitt arbeidsliv med vernetoll og skattar paa fortенeste og næring. For smaae og fatige folk gjeld det serleg aa liva etter si raad; gjeng det daa ikkje fort fram, so gjeng det stødt; og farti vil auke etter kvart, kannhende rett fort. Men me veit: Henry George var ein modig amerikanar.

Og vaart mod er nok ikkje stort. Utan naar det gjeld aa halde fram paa vegar som me veit ingen stad fører av, men som er gamle og kjende. Det „fatige“ Norig er det mest tolltyngde lande i Europa no. Riksskuldi vaar er so stor, at me hev eit heilt departementskontor til aa føre bøkerne og passe terminerne. Og landsjordi betalar grunnskyld til utanlandske pengeherrar, so me hev ein bank med Gud veit kor mange kontor til aa føre bøkerne og passe terminarne — der au. No nyss hev me atppaa fenge høyrte, at den meste norske jordi hev berre „negativt verde“: er verdt mindre enn inkjevetta.¹ Ein kunde daa snart tru, at lande var so selt som det kunde bli.

standen kræver ikke nogen begunstiging for sig ved skatteligningen“; det han krev er „snaest mulig ophævelse av enhver told og skat som beregnes av jordbruksartikler“, og han krev at deri staden „til dækning av alle offentlige fornødenheter opkræves en skat paa den jordværdi som ikke skyldes *enkeltmands arbeide, men som hidrorer fra samfundets vekst og utvikling*, og som særlig opholder sig i storbyerne og ufortjent tilflyder uvedkommende privat-spakulanter i stedet for at inddrages i statens og kommunens kasser. Deslige skatter vil ikke tyngte arbeidet, men gjøre jorden billigere og derved lette adgangen for hver mand til at faa eget hjem.“

Likso greidt og klaart talar ein resolusjon, som den veldige bondesamskip-naden i Kanada (av stor- og smaabonder) vedtok i sitt siste aarsmøte.

¹ Visst er det, at store landsbolkar liver meir av skogen, fjelle (sætrarne), sjøen enn av jordi. Men hender det, at der inkje grunnverd er aa skattleggje, og der endaa er so vidt velstand, at samfundsavgifter er krevjande, so vil folke sjølv paa forsvarleg vis kunne avgjera skatlemaaten, naar samstyre vert *innført*.

Men me fær gaa ut fraa, et det enno hev framvoner. Og dei som er unge fær gjeva seg i kast med noko som me til dessa hev meint me kunde greie oss forutan: samfunndsøkonomi. Vil nokon serskilt ha meir greie paa grunnskyldspursmaale, so hev me ei bok som ser saki med norske augo og dertil er klaar og grei: „Grundværdibeskatningen“ av Trygve Kramer; hev ein lese den, karm ein sidan fylgje heilt med i ordskifte.

— Vil me til slutt tenkje oss ei tid, daa verdi, eller dei førande folki, hev vunne baade eit sjølvstyre som er meir enn form, og eit folkevelstand som er anna enn snakk, so maa me kunne stole paa, at daa vil freden au vera trygg; krigsørska vil ha set sin siste dag, og ein heil, fullt menneskjeleg kultur vil koma til bløming.

Denne store kulturtidi kjem oss nærare, di meir me arbeider med dei tankarne som aaleine karm gjeva ho liv. Enno er me ikkje lenger komne enn at kva folk som helst kva dag som helst karm bli nøydt til aa verja sitt liv og si framtid paa villmannsvis; med sverd ved lend fær me daa enno ei tid mure paa framgangs- og fredstemple.